

Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 2 2017

Bygdaliv

Side 2-3

Stasjonsvegen

Side 6 og 32-33

Bunadhjelpen

Side 18

Cave & Cube

Side 20-21

Tur til Hagalid

Side 24-25

Elgane

Side 30-31

Varhaug- marken

Side 38



17. mai
på Varhaug



Bygdeliv, tujahekkar og polstra lønnetre

Ribbestrikka lønnetre i Stasjonsvegen. Er det rett eller vrangt?

Tekst: *Sjur Håland*

Jærbuar held gjerne bakkekontakten. Det er jorda me lever av, og då er det like greitt å halde seg nedpå, tenkjer mange av oss, og har ingen ambisjonar ut over det å leva eit så tradisjonelt og anonymt liv som råd er. Folk som tar av, mister bakkekontakten og byr på seg sjølve, bryt med erkekonservativ jærs skikk og bruk og blir gjerne sett på som betydeleg meir enn berre litt rare.

Alle me andre, som krampaktig prøver å halda oss innafor A4-norma, dukkar ned bak våre strigla, vintergrøne tujahekkar eller maskinlødde steingardar med sommarblomar og svensk plantejord frå Vik eller Plantasjen i midten. Me rakar singelen i gardsrommet og trillar kommunalt pliktoppfyllande restavfallet fram til hentepunktet i god tid. Det er ein dørgande keisam, men veldig trygg praksis for å ha det greitt nok og ikkje skilja seg ut.

Medisterbleikt engasjement
Me les Jærbladet med ei fake-news-klype maldonsalt og tar sjeldan eventuelle diskusjonar kring ein provoserande leiar eller eit daudfødt innspel i kommunestyret i Hå lengre enn til ein slakk kommentar kring den medisterbleike lapskausgryta i heimen ein stille tysdag ettermiddag.

- Las du lesarinnlegget om homovigsel i kyrkja på Nærbø Siri? Nå må ordføraren på banen!

Siri er ikkje interessert.

- Bryr meg ikkje om verken kjønn eller ordførararar. Send ketchupen!

Sjolv har eg blitt ein straight føreseieleg fyr som har problem med å finna brillene om dei er flytte 25 centimeter frå plassen på hekladuken attmed fjernkontrollen. Eg skummar Jærbladet på nett og må ha folk rundt meg, som seier meg føre, om eg skal hugsa å få plastavfallet ned til den avspora asfaltkanten ved Kydlandsvegen til rett tid.

Blod frå Skrettingen
Men av og til er det råd å vakna frå den anonyme dvalen. Som då Varhaug si paradegate nyleg vart spøta opp eit par hundre tusen fargerike omgangar. Gata, som i si tid var kjent i (litt) patriotiske Varhaug-auge som synonymt med Broadway i New York, Oxford Street i London eller Unter den Linden i Berlin, har elles vore ein smule grå dei siste åra. Det var jo etter gammalt her alt skjedde. Frå den gruslagde avenyen spurdest siste nytt på trappa til telefonsentralen, medan ein lenger nede i vegen kunne sjekka bankkontoen i Varhaug Sparebank, fylla ei Norgesglass-krukke med blodkomleblod under saueskroten hjå Skrettingen, kjøpa Atamon, skråtobakk og Kufôr A i Varhaug Handelslag eller kulørt kjolety og justert to-fir hjå IT Ueland.

Tok du deg ein tur gjennom Stasjonsvegen, lenge før vegstubben fekk eit namn, var du oppdatert, online og ferdigshoppa før du nådde postboksane og det forvitnelege 18,30-toget på jernbanestasjonen.

Stussen i flettverksstolen
Dei siste åra har Stasjonsvegen likna Tollbugata i Oslo ein sur nedbørsdag

i februar, medan kommunikasjonen og møta hjå dei mest frilynte av oss, går føre seg på eitt eller anna sosialt, trådlaut og tannlaust medium. Plattformen på Varhaug stasjon er erstatta med digitale møteplattformer. Folk flest, meg sjolv inkludert, har trekt innomhus, hentar posten elektronisk og held kontakten med den fråverande omverda gjennom Snapshat, Facebook eller Instagram, med stussen godt planta i flettverkstolen frå Bohus bak innkapsla glasveranda.

Folk er ikkje ein gong ute og klypper plenen lenger. Ny trådlaut robotteknologi frå Eik og Felleskjøpet syter for slikt. Det einaste av interesse er å følgja med på dei som skal manøvrera seg heim til fots etter ei opplading på Dei skrå bredder (Stasjoen pub) ein lovleg (eller ulovleg) sein fredagskveld.

- Olga, nå må du koma og sjå. Kven er det som går der, like bak tujahekken. Oi, han såg skeiv ut!

Olga kjem vabbande ut på glasverandaen i nattserken med Pepsodent-restar i munnvikene.

- Skjerp deg, det er naboen med vonde hofter som luftar hunden. Ta medisinen din, sløkk lyset og kom til sengs!

Brisen og Bue
Sjolv om sjølvsagt alt var betre før, er det ikkje sikkert at 1955 eller 1975 skal vera målepunktet på korleis bygda skal vera og fungera framover. Tida ho renn framleis som elv mot os, eller som Bratlandsåa mot havet. Frå

å vera ei aktiv stasjonsbygd med viper, åkerrikser og jublande lerker høgt i sky, med tilhøyrande telegrambyrå, møbelprodusentar, smier, krambuer, skomakar og mykje meir, har Varhaug i større grad blitt ein plass der folk bur. Punktum. Ungane får sine første tryggleikspolstra år i inngjerda barnehagar med EU-godkjent leikeapparat og faktor 60-sunblock mot sola dei tolv dagane i året me har sol.

Vaksne varhaugbuar har hytte i Lyngdal og reiser til Sirdalen i helgene for å gå på ski. Og blir ho eller han kalde og gisne ut på hausten etter leie og fuktige sørauststormar, reiser dei sørover og freistar tilværet med ein rikt illustrert paraplydrink under ei velfødd palme på Gran Canaria. Det held liksom ikkje lenger å ta ein tur ned på Stasjonen og kjøpa ein pakke med sitrongele og ei halv stang med wienerbrød for å samla energi og friskt mot. Opplading og fritid går via Bue og E39 eller Brisen Bar på Sola.

Oktansjokk i Prestakrysset
Mine negative påstandar er heldigvis ikkje heilt rette. Bladet du held i hendene nett no, er eit prov på at ryktet om at bygda vår er avgått ved døden, er sterkt overdriven. Alt skjer ikkje bak tujahekker, under dyna, i Syden eller rundt ei bålpanne i Lyngdal.



For nokre veker sidan fekk varhaugbuane servert eit prov på at bygda kan mobilisera tallause petroleumsbaserte hestekrefter. Dei eksplosive høgoktanbilane, som vart testa opp Buevegen tidlegare i vår, fekk småfuglar med reirbyggeplanar til å spontanflytta til Vigrestad eller Nærbø. Street Legal Varhaug rista liv i vintertrøytte kroppar, med blå eksos, brennheit gummi, karismatisk ettertenning og andre godlydar som minna meg om då onkel Magne kørde høgoktandrosje i ein åttesylindra amerikanar utan setebelter på 60-talet. Enkelte av oss sløvingar dreiv denne laurdagen med vårhæsen og stussa tujahekkane våre. Me hadde ikkje grunnlest teksten i Jærbladet, og lurte på om det var ei nordkoreansk rakett-testing på gang.

- Kæ så skjer i Prestakrysset Sivert? - Æg vett'kje. Men dæ høyrest ut som stridsvogner frå krigens dagar. Dæ æ jedna Trumpen så kjæme?

Byggje di reir?
Varhaug sitt svar på kastanjane i Bygdø Allé, lønnetrea i Stasjonsvegen, har fått nytt liv. Kald bork vart over natta isolert med strikka stammetøy. Småletne varhaugbuar med tujahekk og glasveranda, som synesåg rette og vrangle masker, fekk problem med å kyla frukostblandinga frå Gordon i rett hol morgonen etter at monteringa av stammebolane hadde funne stad.

- He du sitt på marakkels. Ove, du må koma å sjå. Ser du? Rett vest, ove tujahekken. Sjå! Dæ ser ut som folk. Kan dæ være nogen frå pubben så he sett seg i trenå? Byggje di reir?

Medlemmane i Varhaug Bygdekvinnelag og Varhaug bedriftsforeining er jordnære jærbuar. Dei er nok ikkje særleg uroa for at sevja i lønnetrea i Stasjonsvegen skal botnfrysa.

Dei kreative entusiastane vil symbolisera at det framleis er flust med liv og fargar her i bygda. Det miljøtiltaket har dei lukkast med!

Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygde-ungdomslag, Varhaug bygdekvinnelag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, Varhaug Fråhaldslag og Vennelaget for Lerbrek Skule og Elgane Motorsykel klubb.

Styret for Varhaugbuen er:
Leiar
Jon Harald Håland, bedriftsforeninga
Nestleiar
Aud Bratland Bø bygdekvinnelaget

Sekretær
Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Kasserar
Brit Obrestad, Vennelaget Lerbrek skule
Styremedlem
Terje Lerbrek, 4H

Varmedlem
Kjartan Aanestad, skulekorpset

Varmedlem
Runar Odland, bondelaget

Redaktør
Liv Hobberstad

Me har valgt å ha med det gamle kapellet på Varhaug som eit "kjennermerke" for bladet. Kva passer vel betre då enn å ta med eit av versa om kyrkjegarden av vår store poet Elisabeth Reiestad - 1906-1978.

"Det ligg ein kyrkjegard ved hav i still og einsam ro. og graset legg om namnlaus grav ein gløymleklednad god. Men ein og annan merkestein held fast eit minne enn der han står vakt om deira bein som levde i vår grend "





Under open himmel med Svala 4H

4H Norge fyller året 4.mai, og det har blitt tradisjon at mange lokale klubbar feirar 4H-dagen med å ligga ute under open himmel. For mange er det aller første gong ein ligg ute, utan teltduk over seg, og det kan vera spanande når mørket sig på og det brusar i tretoppene.

I år hadde Svala 4H fått låna eit fint område på Øksnevad vidaregåande skule, der me laga leir ved elva. Fin gapahuk og bål plass var der, og mange gode plasser til å sova, anten på liggeunderlag eller i hengekøye.

Over 30 4H-arar tok utfordringa på strak arm, og var med og sov under open himmel.

Mottoet til 4H er å læra ved å gjera, og det er målet at 4H-arane alltid skal læra noko når dei treffest. Denne gongen kunne

medlemmane velja om dei ville laga "5 om dagen"-fat, eller læra å hanskast med ein trøbil.

"5 om dagen" er ei tevling i Norges Bygdeungdomslag (NBU), der 3 stk skal vera på lag og laga eit innbydande, fargerikt og sunt frukt- og grønnsaksfat. Ingen av medlemmane i Svala hadde vore med på noko slikt før, og det vart produsert 5 flotte fat med grønnsaker som me åt av i løpet av kvelden og natt

Trøbil-tevlinga er vår variant av NBU si tevling "Traktor-Reiskap-Trygghet", der det er om å gjera å kjøra traktor raskt, effektivt og sikkert. Våre medlemmar fekk prøva seg på trøbilar som me lånte av Varhaug Skule. Øvingane var; Vendegrind, rygging på planke, kjøre tau inn på tønne og

tempokjøring. I vendegrinda skal du kjøra trøbil og hengar inn i ein trong passasje, rygga og kjøra ut igjen så rakst du kan, utan å vera uti kantane/stokkane på vendegrinda. Rygging på planke krev at alle 3 hjula (2 på bilen og 1 på hengaren) er oppå planken medan du ryggar over han. Å kjøra tau inn på tønne vil seie å kjøre rundt ei tønne med eit tau kopla til trøbilen og tønna, utan at tauet er i bakken, eller at tønna veltar.

I løpet av kvelden steikte medlemmane lappar og bålchips, kokte kakao og poppa popcorn på bålpanna, spikka, leika i skogen og drøste rundt bålet. Kvelden og natta gjekk, med fuglelydar frå skogen og utan at me fekk ein dråpe vatn frå oven.



Aktivitetsdag på Kvía

Svala 4H, i lag med dei andre 4H-klubbane i Hå, arrangerer kvart år ein aktivitetsdag i lag med Jærmuseet, på Vitengarden på Kvía.

Sundag 23.april kunne 4H-arar, foreldre og publikum koma til Vitengarden og oppleva mange ulike 4H-aktivitetar. Vigre 4H hadde toving og hesteskokasting, Sjøglimt 4H (Brusand) hadde volleyball og potetløp hjå Solglimt 4H (Vigrestad) kunne folk prøva seg på erteposekasting og smaka pinnebrød. Svala 4H (Varhaug) hadde sin plass i skogen i Hanabergmarka der me laga bålchips av poteter og alle som ville kunne bli måla i ansiktet. Ved sida av Svala 4H hadde Rogaland skoglag ein stasjon der alle kunne få prøva seg på vedkløyving og å fella eit tre. Ein vellukka dag med over 600 besøkande på Jærmuseet.



R.SKRETTING A.S

SpareBank
SR-BANK



Sammen får vi ting til å skje.



FRÅ
REDAKSJONEN

Så vart det endeleg vår, og mest «Kom mai du skjønne milde»

Men du og du så mykje regn som kom i april, og for ei bløyda det vart rundt på kjelvene. Men dei fleste fekk nå ut lorten til slutt.

Me var i alle fall heldige med veret på nasjonaldagen. 16. mai pøsregna det. 17. mai var det godt til i kveldinga, og då var dei fleste aktivitetane for ungane over. Så var det øs pøs om natta og ei stund ut på den 18. Trur ikkje gras og anna som skal veksa treng så mykje meir vatn på ei stund.

Det går mot Varhaugmarken, og det er alltid gildt og sjå kva komiteen får til i år.

At det er pinschelga, skulle vel ikkje bety så veldig mykje, for det er jo tidleg slutt på laurdag.

Takk for alle innlegga eg har fått til bladet, og ikkje minst takk for alle 17. mai bileta. Minste føre å få til bladet med så mange gode hjelparar.

Ynskjer alle ein fin ferie når den tida kjem. Neste gong Varhaug-buen kjem ut er det haust. Så fort tida fer av garde .



«Trenå» i Stasjonsvegen

Varhaug Bygdekvinnelag er aktiv som aldri før. Dette viser godt igjen på trea på Stasjonen. Dei er blitt dekorerte med dei finaste fargar og mønster. Skikkelig sydlandsk er det blitt. Nå mangler berre litt fleire varmegrader så sydenfølelsen kan festa seg skikeleg.

Bygdekvinnelaget har hatt gode og spennande møter å sjå tilbake på. Oppmøtet har vore på rundt 50 personar til dei forskjellige arrangementa, og me har plass til fleire.

Kvar mandag går spreke bygdekvinner tur i vår flotte natur. Sammen kan me oppdaga nye tuområde. Møt opp på iden ein mandags morgen klokka 0930 for å oppleve tur i fellesskap. Det kan hende du blir hekta):

Torsdag 15. juni er det sykkelstur. Lag deg ein goe nistepakke og møt opp ved Fjordkjøkken kl 1800. Turen i år går nordover – til Vigre. Der håpar me på å finna oss ei goe hola for å innta nistematen. Før dette skal me innom glassblåseriet til Mingarwalker Glassblåseri AS. Dette kan bli ei flott oppleving. Ta med litt penger om du skulle bli frista ...

Tema for møtene utover hausten er ikkje heilt klart.

Men møtekveldane blir framleis siste torsdagen i måneden.

Årsmøtet blir den 28.9.

Nå går me for full fart inn i vår og sommar. Det er godt å være både bygdekåner og bygdemenner er!

Ide-gruppa som vart til etter at nye Varhaugbuen feira 10 års jubileum i 2015, kom med fleire innspel til bedriftsforeninga. Eit av desse var å friska opp trea i sentrum. Bygdekvinnelaget, som i mange år har hatt strikke-kafe, tende på ideen, og så var strikkinga i gang. Ein eigen «spødetur» med tog til Kr. Sand vart det og før det det vart samling og kveld med førebuing før spødet sko på plass på trenå. Jon Harald, leiar i Varhaugbuen og medlem i bedriftsforeninga, var til stor hjelp med det som skulle høgt opp. Så nå har 40 tre fått klede på, til glede for mange og til irritasjon for andre. «Toskaskab» har eg og høyr, men eg tykkjer dei er fine. Eg tykkjer trea ser glade ut, og her er det mange kreative variantar.



Våren kom, heldigvis

I skrivande stund, håpar eg dei fleste er i mål med vårvinna. Så kan ein få litt rolegare dagar før det igjen høyses traktordur over heile Jæren, og slåttene er i gang.

Varhaug bondelag har arrangert Bondepub, med godt oppmøte. Fleire er hjarteleg velkomne.

Vår møtet, saman med NRL og FK, var som tidlegare år vellukka. Fullt hus og godt drøs.

Bondelaget vil stå på stand under Varhaumarken, og vert og å finna på Jærmessa.

20. august vert det Open gard hos Håkon Varhaug. Det ser me fram til.

Me vil ynskja alle ei fin tid framover, måtte jordbruksforhandlingane gje god vekst til både bonde, dyr og forbrukar.

God sommar, og god slått, når den tid kjem.

PS. Stor takk til Coop Extra på Varhaug, som sponsa brøda til julefrukosten på ungdomsskolen, Tine for ost, mjølk ol og Nortura for pålegg. Tusen takk!

Helsing styret i Varhaug bondelag

En alliansebank i eika.



Vi spiller alltid på hjemmebane

Alle lag er best hjemme. Derfor spiller vi rett og slett ikke bortekamper. Jæren er stort nok for oss. Lokalbanken er ett lag. Plassert sju bra plasser på Jæren.

Telefon 03290
www.jaerensparebank.no

Bryne ◊ Jærehagen ◊ Kleppe ◊ Kverneland
Undheim ◊ Varhaug ◊ Vigrestad

jæren
sparebank



Revansj match

Skulesjakken er no på Vigrestad torsdagar kl 1730-1845. Det er opp mot 20 gutar og jenter som kjem kvar gong. Det ser ut til at det vil verta endring, for no skal Vigrestadfilialen av biblioteket inn der me spelar sjakk. Så kanskje må me flytta til skulen eller ein annan plass til hausten.

Me vart inviterte til Smeaheia for revansje match med 20 spelarar torsdag 27. april. Førre gang tapte me knepent, slik at me hadde med dei 4 beste spelarane. Men det hjalp ikkje,

Kvar spelar vart satt opp mot en spelar frå det andre laget,- etter antatt spillestyrke. Og alle spelte med klokke, ikkje berre dei beste. Sjå bilete frå lagmatchen.

Det var to parti, og ein pause med pizza og brus imellom.

Første runde vann Smeaheia med 12,5 mot 7,5. Men etter pausen vann dei 13 mot 7. Av dei som vann meir enn ett parti, var Oskar Feed Jakobsen, Mads Even Hobberstad, Sven Tobias Ueland og Aslak Moland. Desse vann begge partia, medan Jon Albert Tveita og Arnold Johan Skretting vann eitt og fekk eit uavgjort.

Det største arrangementet i år var KretsMeisterskap i lagsjakk for skular 1. april på Varhaug Misjonshus. Då deltok 50 lag med 4 spelarar på kvart pluss reserver og foreldre og søsken som heilagjeng.

Frå Hå hadde me med lag frå Tryggheim VGS, dei vart nr 3 av 6 lag i klasse for vidaregående skular

I ungdomsskulegruppa vann Tryggheim medan Jærtun vart nr 3 av sju lag.

Det var 36 barneskulelag, Jærtun vart nr 35 medan Vigrestad vart nr 34. Høyland vart nr 21 og Varhaug skule nr 28. Sjå bilete frå KM.

Hå meisterskap vart halde 11. mars:

Gruppe Nybegynner

1. Ruben Aarsland, Vigrestad
2. Peder Fiskebekk Auglend, Ogna -
3. Arnold Johan Helgevold Skretting, Varhaug
4. Storm Lode, Høyland

Gruppe Mester:

1. Oskar Feed Jakobsen, Tryggheim u.
2. Roar Sola, Bryne VGS -
3. Jon Albert Tveita, Jærtun
4. Asle Kydland, Varhaug

Oskar vart Hå meister i år også. Men det var kamp til siste parti.

Me har ei side på facebook, sjå gruppe «Hå skulesjakk». Og elles er det informasjon om sjakk (med terminliste) på <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/>

Hå sjakk for vaksne

No er det slutt med speling på løa. Nå reiser me til Bryne på onsdagar, der Jæren Sjakklubb (JSK) spiller på nye Bryne Vidaregående skule frå kl 1900 til 2200.

Me har hatt langsjakk, lynsjakk og hurtigsjakkturneringar. Det vert premieutdeling og avslutning på semesteret 14. juni.

Av spelarane er nokre over 70 år, men me har nokre sær gode juniorar også. Ned til 10 års alder! Men klubben er lagt opp til å vere for spelarar som er langt forby nybegynnerstadiet. Nybegynnarar ber vi bli med i Jæren skulesjakk på Kleppe eller Hå skulesjakk.

På NGP turnering i hurtigsjakk i april (Norges Grand Prix) var hele 11 av i alt 74 spelarar medlemmer i Jæren sjakklubb.

Til sommaren vert det landsturnering i Stavanger,- og av dei påmeldte 465 spelarane er 10 frå Jæren sjakklubb.

Så vert det pause og nytt semester startar i begynnelsen av september, Ha en god sjakk sommar.

Sjå facebookside «Jæren Sjakklubb»

Med sjakk-helsing frå Per-Arvid



Nytt frå Misjonshuset

Snart sommar – me har venta lenge på den

Meldingsbladet for Varhaug misjonshus, nr 1 2017 er delt ut og lagt i postkassane. Dersom du ikkje har funnet bladet i din postkasse, vil vi svært gjerne få beskjed om det. Send E-post til adressa nedanfor eller ta kontakt på telefon. Bladet er nå i sin 29. årgang.

I dette nummeret var det mange bilete frå «Vi synger jula inn» 18. desember.

Og oppdatert info om styrene i dei 4 organisasjonane som er eigarar av Misjonshuset.

Det går mot sommar og skulefri, og aktiviteten går inn på lågt nivå. Det vert stevne på Nord-Varhaug for heile familien 11. juni, det er Normisjon som inviterer. NMS inviterer til tradisjonsrikt stevne på Varhaug 27. august.

Elles er det samlingar på søndagar, formiddagsmøter og/eller SUNDAG eller småmøter. Men i juli mest ingen møter.

Sjå program på oppslag og i annonsar og følg med på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

Ver merksam på kontortida på misjonshuset som er måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51430808. Det er berre 1 time, men ein kan tinga rom ved bruk av internett, sjå internettsida til misjonshuset. E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug Velkommen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid



Jærtreffet 2017

15.-17. september arrangerer Jærbelgen trekkspelklubb og Varhaug idrettslag for 6.gong Jærtreffet i Varhaug idrettspark. Her er både dansegilde mennesker og dei som liker å lytta til musikk hjarteleg velkomne. Fleire grupper har allereie meldt sin ankomst.

Dugnadsgjengen i Varhaug idrettslag serverer mat og drikke både fredag og lørdag. Dei lager også til bobilparkering med tømme muligheter og ladestraum.

På lørdag klokka 13.00 vert det allsang i gamlesalen. Dette er gratis og åpent for alle.

Salg av middag, kake og kaffi i pausen.

Kom og bli med på ei helg med god og variert musikk og dans på Varhaug.

17. mai i Løå

For 3. gong kunne vennelaget for Lensmannløa ynskja velkommen til gards og kulturkveld 17. mai. Nå kan ein vel kalla det tradisjon? Som seg hør og bør på ein 17. mai, starta med å synga Ja, vi elsker før Leif Obrestad, som nok mange kjente både som lærar på Varhaug og frå Vind i Gardhol, fekk ordet. Han starta sjølv med ein song om å ha på seg dei finaste kleda 17. mai. Leif nemnde så at då han var i politikken, var det alltid nokon som skulle ha ein replikk etter innlegget hans, men sidan dette var ein festtale, rekna han med at det slapp han unna nå. Leif tok så for seg både litt alvor og litt skjemt, og det var mange ting ein kunne kjenna seg att i. Han slutta og av med ein liten trudelutt; Nå er eg ferdig i kveld, var det ein tale eller ein apell?

Me fekk kjempegod mat; rømmegrøt(frå Fjordland) og spekemat og seinare var det kaffi og kaker. Mellom desse måltida, fekk Espen Hana boltra seg med mykje humor og kjene songar.

Takk til vennelaget som nok ein gong har fått til ein kvalitetskveld i løå.



Program for Kultur i Løå 2 halvår 2017:

- 24/8** «FYR» - Musikalsk opplevelse med Inger Elisabeth Aniksdal, Per Henry Runde og Lars Ole Bergersen.
- 21/9** *Under produksjon*
- 19/10** «Celtic Fog» - Tradisjonell irsk folke- og popmusikk.
(wiskey in the jar, Molly Malone... må oppleves)
- 23/11** *Elin Furubotn* – I ny drakt saman med Torbjørn Økland fra Vamp
- 15/12** *Julekonsert* - med Hanne Sørvåg, Randi Tytingsvåg og Britt Synnøve Johansen.

Lunsjtreffet kl. 12:00-13:30 i Løå er for alle. 50,- for måltidet.

Datoer: 13/9, 27/9, 11/10, 25/10, 8/11, 22/11 og 13/12

Programmet oppdateres på plakater, facebook, sms og mail.

For å få påminning på SMS og mail, kan dere melde dere inn i vennelaget (gratis) ved å sende SMS med navn og e-post adresse til: 976 88 571

"LIK" Kultur i Løå på Facebook





Fyr i Løå

Ta ikkje overskrifta bokstaveleg: Fyr er den raude tråden når Kultur i løå presenterer «Kveld på fyret» i Lensmannsløå torsdag 24. august klokka 19. Låtskrivar Per Henry Runde har med to dyktige kollegaer som bur på Varhaug, Inger E. Aniksdal og Lars Ole Bergersen.

Per Henry har skrive ei god handfull viser om fyrvaktarane og fyra. Han budde ungdomsåra på Obrestad, der far var fyrvaktar. Yrket med auge som ser havet finst ikkje lenger. Fyrfolka er automatisert vekk. Visene har blitt til eit program som hadde premiere i heimehuset på fyret for halvanna år sidan. Trioen fortel og syng om sjøen, fyra og folka der - fyr som symbol, om kvardagsliv, morfar fiskaren, bergingsdådar og forlis. Og han lovar minst ei heilt ny fyrvise til kvelden på Varhaug. Dei sper på med tekstar av m.a. fyrvaktarsonen Evert Taube, Tobias Skretting, Åse Marie Nesse og Tor Obrestad. Inger E. Aniksdal skriv mykje og godt til eige bruk.

Ho gjer ei av sine eigne viser, og syng fleire av songane trioan ikkje har laga sjøl.

Lars Ole Bergersen kjem på sykkel med fela i ryggsekk. Det borgar for øyregodt musikalsk krydder.

Kveld på fyret er: Per Henry Runde (gitar), Inger E. Aniksdal (gitar, bass, tangentar mm.) og Lars Ole Bergersen (fele). Alle tre syng. Trioen arbeider til dagleg ved Hå kulturskule / Hå kulturtorg.

Billetter fås (etter kvart) kjøpt hjå Bøen og hjå LinTicket på nett.

Programmet varer vel halvannen time og pause.



Når dette skrives er finstasen og 17.mai flagget pakket bort. Føttene litt høyt og tid for litt rekreasjon. 17. Mai er liksom høydepunktet for korpsene i Norge. Det ligger ukevis med trening på å gå i takt, spille og ha mulighet til å vise seg frem fra sin beste side. I år valgte vi en litt annen løsning på dette. Vi hadde lånt inn en traktor med en dyktig sjåfør. Dermed klarte vi å rigge denne tilhengeren med mye utstyr, slik at det ble et veldig bra trykk i korpset i år. Vi deltok også på gudstjenesten i Jæren sparebank arena. Og jeg registrerte at det var mange som humret og syntes det var tøft når vi under kolekten spilte tittelmelodien til Star Wars filmene. Dette viser også litt av mangfoldet i musikkstilene som korpset behersker. Samtidig har vi i korpset en annen viktig stor oppgave denne dagen. Vi skal forsyne bygda med kaker og kaffi. Heldigvis har vi en positiv gjeng med foreldre, samt personer i bygda som ønsker å hjelpe korpset. Sammen klarer vi å tromme i sammen en mengde med kaker. Og med en utrolig nøye timet og tilrettelagt vaktplan så gikk dette som smurt. Takk til alle som bidro på dette.

Neste oppgave i år er Varhaugmarken. Tradisjonen tro spiller vi og viser oss frem Lørdag 3.juni. Håper

mange vil komme å høre på oss da.

Vi er også nå i gang med planleggingen av årets sommertur for korpset. Dette pleier å være et høydepunkt. Vi bytter litt på reisemål i både inn og utland. På disse turene har vi 100 prosent fokus på det sosiale. Vi skal ha ferie etter et langt korpsår. I fjor hadde vi en utenlandstur, så i år blir det en tur som ikke er så lang. Vi kommer tilbake til hvor vi var, og hvordan vi hadde det i neste nummer av Varhaugbuen.

Til slutt vi jeg rette en stor takk til alle som er involvert i korpset, og alle som støtter opp om oss. Bygda trenger virkelig et korps. Og korpset trenger bygda.

For Styret i Varhaug skulemusikkorps.
Kjartan Aanestad





Flotte uttrekkspremier

Start / mål: Ved gamle SR-bank
 Påmelding: [VIL.no](http://vil.no) (eller samme dag kl 10.30-12)
 Startkontingent: 10 km: kr 200.- ved forhåndspåmelding, ved start kr 250.-
 5km : kr 150.-.
 I tillegg kommer lisens

Sponsor:



Lars Gaute Sport
 sport 1



Fotballskule 2017

VIL og Lars Gaute Sport inviterer til
 fotballskule fredag 23. juni – søndag 25. juni.

Alle som er født f.o.m. 2003 t.o.m. 2009 er velkomne.

Fotballskulen varer fra kl. 10.00 til 15.00 kvar dag. Fredagen er det
 oppmøte seinast kl. 09.40.

Alle deltakarane vil få T-skjorte og ball frå Lars Gaute Sport.

Me serverer lunsj kvar dag og søndagen vert det grilling.

Fotballskulen kostar kr 900,-.

Link til påmelding finn de på www.vil.no.

Me sender ut informasjonsbrev til alle påmeldte i forkant.

Har du spørsmål kan du ta kontakt med Magnus Skrettingland jr på
 telefon 402 89 888 eller epost mjsk@ha.kommune.no.



Bryne spelarane kjem!



Keepertrenar Roger
 Eskeland kjem!



Kjære Varhaugsbuar og andre gjester

Eg heiter Kristin Søyland, og eg plar presentera meg som Kristin på Reiest. No har eg budd på Varhaug i 16 år, og kjenner meg helst like mykje som varhaugbu som gjesdalbu. Eg er stolt av å vera frå Varhaug, sjølv om eg ikkje snakkar varhaugsdialekt.

Tusen takk for at de har invitert meg her i dag og ynskjer at eg skal seia nokre ord. Eg skal prøva å ikkje gjera skam på dykk. Til hausten skal eg overta klassen til Reidun Skrettingland her på skulen, og når eg helsar på elevane hennar, seier dei at Reidun er veldig gild og treng ikkje å heva stemmen eingong for at alle skal vera stille. Eg tek hintet og eg har blitt klar over at det er store sko eg skal fylla. Eg må seia til elevane at det ikkje er sikkert at eg er like god som Reidun, men at eg skal gjera så godt eg kan. Det ser det ut som dei tykkjer er ei akseptabel forklaring. Eg får seia det same til dykk, eg skal gjera så godt eg kan.

Gratulera med dagen!

I dag er det 17.mai, men kvifor feirar me eigentleg 17.mai? Jo, det er Noreg sin nasjonaldag. Alle land har ein nasjonaldag, og mange gonger har det skjedd noko spesielt på den dagen som landet har valt som sin dag.

Den spesielle tingen som skjedde i Noreg 17.mai, var at me fekk ein eigen grunnlov 17.mai 1814, då 112 menn, frå store delar av landet, var samla på Eidsvoll. Men kvifor var det så viktig å laga ein grunnlov?

I mange hundre år hadde Noreg vore eit fattig, lite land som blei styrt av mange vikingkongar. Folk hadde nok med å dyrka mat og driva den litle garden sin, og her på Varhaug var det folk som budde på Leksaren, Sør-Varhaug, Nord-Varhaug, Husveg og fleire andre plassar langs sjøen og strevde for å overleva. Kven som styrte i landet eller området, brydde dei seg ikkje så mykje om.

Etter kvart vart Noreg samla til eitt rike med berre ein konge, Harald Hårfagre, og så kom fleire hundre år der den eine kongen vart avløyst av den andre. Det var ikkje alltid kongane var så gilde mot folket sitt, og alt kongen gjorde måtte vanlege folk betala for, sjølv om dei ikkje hadde særskilt mange pengar. Vart det krig, så måtte mennene på Varhaug gjera klar eit skip og dra i krigen i lag med kongen, og damene måtte styra gardane åleine.

I 1349 kom Svartedauden.

Svartedauden var ein svært smittsam og farleg sjukdom, og over halvparten av alle menneska i Noreg døydde. Då var det ikkje særleg mange folk att til å styra landet, vera med kongen ut i krig eller vera heima og driva gardane. Noreg var eit svakt land og vart eit lett bytte for kongen i Danmark, som ville ha det lange landet mot nord som hadde så mykje skog til å laga hus av og fisk i sjøen. Kongen i Danmark overtok Noreg og bestemte over landet vårt i fleire hundre år.

Til slutt ville ikkje nordmennene vera i lag med Danmark meir, og 112 menn vart samla på Eidsvoll, skreiv ein grunnlov og fekk til ein avtale med Danmark om at Noreg skulle verta eit eige land igjen, med ein dansk prins. Planen såg veldig god ut, men Danmark deltok på det tidspunktet i ein krig, Napoleonskrigen, i lag med Frankrike. Napoleon, leiaren i Frankrike, gjekk på ein smell og tapte krigen. Sidan Danmark var på det tapande laget måtte dei gje frå seg eigeidom til vinnarane. Danmark gav frå seg seg det lange landet, Noreg, til Sverige. Sverige hadde vore med og vunne i Napoleonskrigen, og fekk

Noreg som takk for innsatsen. Akkurat som om Noreg var ein premie. Den norske planen om å verta eit eige land, var mislukka.

Svenskane styrte i Noreg i nesten hundre år, men nordmennene hadde ikkje gløymt planen sin om å verta eit eige land, så dei fortsette å arbeida med planen om å verta frie. I 1905 klarte dei det! Nordmennene fekk til ein avtale med svenskane om at Noreg skulle ha sin eigen grunnlov og vera eit eige land og ha sin eigen konge. Noreg blei fritt igjen, etter at nokon andre hadde bestemt over oss i 500 år.

Folk levde i fred i 35 år etter 1905, og så kom det endå nokon andre som ville bestemma over Noreg. Hitler og nazistane kom med krig og overtok makta i Noreg i 1940 og i 5 lange år kjempa folk i Noreg for å verta eit eige, fritt land igjen. 8.mai i 1945 kunne endeleg det norske flagget heisast i flaggstengene på Varhaug og rundt om i heile Noreg. Det er no 72 år sidan.

Når eg tenkjer på 17. mai, så trur eg me feirar alle desse dagane. Ny grunnlov 17.mai i 1814, unionsoppløysinga frå Sverige i 1905 og 8.mai i 1945. Aller mest trur eg me feirar at me har fått lov å vera eit eige land og leva i fred.

Tenk at me har fått leva i fred i 72 år!! Å leva i fred vil seia at me kan sova godt om natta utan å vera redde for at noko skal skje, at ungane kan gå på skulevegen utan å vera redde for at soldatar skal koma, at ungdom kan ta ei utdanning i staden for å grua seg for å verta soldatar, at foreldra kan gå på arbeid og vera heima med ungane om kvelden, og ikkje treng å kjempa ein krig!

Ungane i Noreg kan konsentrera seg om dei liker fisk til middag eller om det er pizza som er tingen, og nesten ingen lurar på om det er noko mat å få når dei kjem heim frå skulen. Det veit dei! Mat og is, klede og sko, ei varm seng og eit heilt hus er sjølsagt for oss som bur her på Varhaug. Tenk så heldige me er!

Men, dessverre, ser det ikkje like lyst og lett ut rundt om i Europa, Amerika og Asia. Nokre mektige menn, med altfor mykje makt, vil ha meir makt og sit no og trugar einannan med grusomme våpen og heile folke sitt som offer. Situasjonen i verda kan kjennast utrygg og vanskeleg, sjølv for oss som bur i trygge Noreg og Varhaug. Kva kan me, på litle Varhaug, gjera i denne tida?

Sjølv om me ikkje kan påverka leiarane rundt om i verda, kan me gjera Varhaug til ein god plass å bu, slik at folk kjenner seg trygge her og trivst her. I lag kan me skapa "Varhaug, med mykje vind og varme"!

Alle som er her, er med på dette kvar dag. På Varhaug er det så mange positive folk som yt så mykje for at me skal ha ei god bygd. Mykje vind er det her, vinden bles frå søraust og nordvest, ofte bles det så mykje at me kjenner oss svært levande. Vinden produserer energi gjennom vindmøllene på Høg-Jæren, han bles grumset av oss når me er ute og "luftar vede", han krev krefter av oss når me skal gå og sykla i motvind, og han kan koma med svalande bris ein varm sommardag. Vinden symboliserer at det er mykje som skjer her i bygda og at me stadig er i utvikling.

Varhaug er ei lita bygd, med handlekraftige folk. Når me har lyst på sykkelstiar, idrettshallar, kulturløa eller misjonshus, så ventar ikkje folket på Varhaug på at andre skal koma og hjelpa dei. Nei, her brettar ein opp ermet og fiksar det sjølv. Det er ikkje utan grunn at andre bygder lurar på korleis me får det til!

Varhaug har ikkje berre vind, men også mykje varme. Mange yt mykje for at ungar og vaksne skal ha gode fritidstilbod, samlar inn pengar til gode formål, ryddar i sentrum, pyntar sentrum med friske strikkeplagg til "jernbanetrea", fylgjer innvandarmødre på foreldremøte, opnar heimane sine for flyktningar,

lagar blad for bygda eller samlar inn plasten frå landbruket.

Mykje vert gjort for at folk skal kjenna seg vel. Førskuleungane vert henta i barnehagen av store, flotte sjuandeklassingar, fjerdeklassingane er skuleven med førsteklassingane og har som oppgåve å passa på at dei finn seg til rette på skulen. Skuleelevar ryddar sentrum før 17.mai, næringslivet i bygda bidreg med plass til å henga opp 17.mai-teikningar i butikkane, pengar til organisasjonar og hjelp med utstyr når nokon skal arrangera noko – då er Varhaug ei bygd på godt.

Men, eg har også opplevd at nokon blir mobba slik at dei ynskjer å flytta frå bygda. Viss nokon blir mobba eller utestengt, så har me ikkje gjort jobben vår. Slik skal ikkje Varhaug vera! Varhaug skal vera ei bygd på godt og ikkje på vondt. Ei bygd der me er forvitne, fordi me bryr oss om kvarandre. Ei bygd me er stolte av å vera ein del av. Ei bygd med varme. Varme er så uendeleg viktig og eigentleg ganske lett å laga. Det kan vera eit smil til dei me møter, eit "hei" på butikken, gje kvarandre rom for å feila, bry seg om kvarandre og seia positive ting om einannan i staden for negative.

Varhaug skal vera ein stad der ungane kjenner seg trygge og ikkje har lyst å flytta frå, ein stad der ungdom kjenner dei høyrer til og er stolte av å seie at dei er frå, ein stad der vaksne kjenner det er meningsfullt å vera med å yta. Varhaug skal vera ei lita bygd på godt, og ikkje på vondt.

Varhaug skal vera mykje vind og mykje varme.

Takk for meg!

Talen til Kristin Søyland på Misjonshuset 17. mai 2017

Bunadhjelpen

Nå er det kome eit nytt og kjempegodt tilbod for mange i sentrum av Varhaug. Nærare bestemt Varhaug stasjon. Der ein tidlegare fekk kjøpt billetter, kan ein nå få fiksa bunaden sin eller andre klede.

Veronica Mikkelsen er 39 år, mor til 3 jenter på 2, 5 og 7 år. Det var kjærleiken - og Ernst Mæland, som ho møtte for 10 år sidan - som fekk ho til Varhaug. Arbeidsplassen har ho i stasjonsbygget, men dei har førebels busett seg i Buevegen.

Veronica kjem frå ei lita øy i Meløy kommune; Støtt. Frå ho var liten var ho interessert i handarbeid, og laga alltid mykje dokkeklede. Då ho var 13 år, fekk ho ein bror, og det passa godt, for då kunne ho starta med å laga babyklede.

Ferdig med skulen, arbeidde ho som dekoratør i fleire butikkar i Narvik og Bodø. De Veronika var 23 år, ville du ha meir utfordring og reiste til Oslo og Motekulen Esmod, der ho fekk utdanning i design og modellering. Skulen er ein internasjonal skule. Ferdig utdanna, jobba ho først i Grimstad. Der møtte ho Ernst, som heldigvis fekk henne med seg til Varhaug.

Dei neste åra arbeidde ho på Husfliden i Stavanger, då for det mesta med montering av bunader. Men små barn på Varhaug og jobb i Stavanger, vart ein vanskeleg kombinasjon. Ho slutta på Husfliden i november 2016, og hadde då lyst å starta noko for seg sjølv. Ho såg på fleire stader på Varhaug, men enda til sist opp med å ringa NSB. Der fekk ho napp, og starta opp i stasjonsbygget i februar. Her har ho fått ei god og lys systove, ein god sofa for kundane å sitja ned i og eit prøverom.

Akkurat nå før 17. mai har ho hatt mykje å gjera, og hadde i grunnen sett sluttstrek for reparasjonsarbeid til 9. mai. Ho skal nemleg før 19. mai ha sydd fleire kvardagsbunader til ein serveringsplass.

Har du ein bunad, kjole eller drakt som er for trong eller vid? Truleg kan Veronika hjelpa deg med det. Ho er å finna på stasjonen kvar dag mellom 08.00 – 15.00 og torsdag 18.00 – 20.00.

Ho har og planar om å ha små kurs for syng av barneklede, montering og anna.

Sjølv om ikkje Oslo-toget stoppar på Varhaug, har ho likevel hatt kundar både frå Oslo, Kr, sand og Mo I Rana. De finn Veronika både på tlf 48 19 16 11 og Facebook.

Varhaugbuen takker for drøset, og ynskjer ho lukke til med arbeidet i stasjonsbygget. (Kanskje eg nå kan få fiksa dei kleda som har «kråbe i skape» dei siste åra, og som er eg alt for glad i til å kasta).

Liv



Samling for den eldre garde

Me i VIL har mange godt vaksne hjelparar som bidreg på mange områder. Det er matlaging, rehabilitering, rigging, transport, banearbeid og mykje anna. For å hedra desse, vil me gjerne invitera til dugnadssamling for alle 60+.

Samlinga vert i sosialt rom i Jæren Sparebank Arena

Torsdag 8. juni 2017 kl. 1800

A-laget spelar fotballkamp klokka 1900, så dei som vil går samla på kamp etterpå.

Me serverer smørbrød og kaker og ser fram til ei triveleg stund!

Er du i tvil om du er kvalifisert til å vera med? Kom!

Påmelding til Eva Hegre på telefon 464 05 622, e-post eva.hegre@vil.no eller kom innom på kontoret.

Vel møtt!



KULLSYREMASKIN
FRA AGA



899,-
inkl. patron

bytte av
patron
149,-

Finnes i sort eller hvit

**VI HAR
GODKJENT
BILVERKSTED:**

- EU kontroll
- Hjulstilling
- Service
- Tilhengerservice
- Salg av dekk
- Dekkhotell



Varhaug Servicenter A/S

Godkjent bilverksted • 51 43 02 33



To unge damer, Bente Scheie og Randi Jelsa Skrettingland, fulle av pågangsmot og optimisme, starta firma saman for eit år sidan (eit årsjubileum siste veka i april). Bente skulle ut i fødselspermisjon, og møtte tilfeldigvis Randi, og så vart dei einige om å starta saman. Bente hadde då hatt firma åleine sidan 2014. Randi hadde ei stund tenkt å starte for seg sjølv. I staden for å verte konkurrentar, starta dei firma i lag. Eg møter dei heime hjå Bente i Hållå, som på engelsk blir Cave.

Bente har alltid vore oppteken av fargar og interiør. Ho likar å friska opp med ein ny farge rett som det er. Randi har mest erfaring med kjøkken og bad og fargar. Ho er ei fargerik dame.

Desse to damene kan hjelpa med alt, enten det er eit rom som treng forandring, eller det er interiørløysing for eit heilt hus, kontorlokale osv. Dei har mellom anna hatt oppdrag med Kafé Jærbuen og ein kafé i Stavanger. Både bedrifter og private tek kontakt, og dei har hatt kundar både frå Oslo og utlandet. Mykje av kontakten skjer via nettet, Facebook og via deira nettside www.cavecube.no.

Det er viktig å sjå heilheten, kor lyset kjem inn, og kva som er frå før av møbler og interiør. Nye gardin eller eit par nye puter i sofaen kan friske opp. -Folk er litt lei av dei kvite veggene, seier dei. Kanskje er det berre ein vegg som skal friskast opp med ein annan farge.

I februar hadde dei «Damenes aften» på Montér Nærbø og Montér Bryne. Det var særst vellukka. På Nærbø var det cirka 100 damer innom, og på Bryne rundt 70 damer. Eg er ikkje i tvil om at desse damene fekk nokre nye idear som dei etterpå prøvde å overtale mennene om.

-Dette er kjekt. Her får me gjera det som me likar, og me har fullt opp med arbeid, seier dei begge to. Her er det berre å ta kontakt, så hjelper dei til. Andre personar ser med eit anna perspektiv enn ein gjer sjølv. Dei skisserar og kjem med innspel saman med kundane. Alt frå farge, gardin og møbler. Det er ikkje alltid det er så mykje som skal til.

Brit Obrestad



Cave & Cube Interiør

Interiør og oppussing – teiknar og skreddarsyr løysingar

Sommarkonsert - Torsdag 29. juni

Torsdag 29.juni kl. 19 Sommarkonsert med Marie Elise Herredsvela (song) og Goedelev Taveirne (piano). Dei er utdanna frå Universitetet i Stavanger under fagseksjon klassisk. Me får mellom anna høyre viser, stev og småstubar frå Jæren. Billett: kr 200,- i døra eller bestill på hahistorielag@gmail.com. Alle er velkomne! Stad: Hå gamle prestegard, i hovedhuset (kaféen) Konfransiér: Astrid Obrestad.

Ei ny, litt spesiell bok om Garborg

Tarald Ueland og Ueland Historiske Forlag, med støtte frå historielaga i Time, Klepp og Hå i tillegg Time bygdemuseum, fekk til den gilde boka «Varmen frå myra» med Sjur Håland som forfattar. Nå er Tarald Ueland, med støtte frå dei same aktørane, i gang med ei lita bok med tekstar av Arne Garborg rikt illustrert med flotte blyantteikningar av Jan Th. Værp.

Planen er at boka skal lanserast 17. oktober, og det vil verta ei rimeleg bok som er godt egna som julegåve til familie og vener.

Sykkelklubben

Det har vore ganske stilt om denne i det siste. Ein av grunnane er at både leiar og andre i styret har takka for seg, for denne gongen. Nå skal dei snart ha ekstraordinært årsmøte, og då håpar ein at alt vil ordna seg til det beste. Varhaugbuen ynskjer sykkelklubben lukke til med det ekstraordinære årsmøtet, og vonar då at klubben igjen «er oppe og går».

Bokslukerprisen

Eg hadde håpa på eit lite referat frå turen som lærar og elevar hadde til Oslo, men eit glipp frå mi side gjorde at det ikkje vart tid til det. Får heller ta det med til neste nummer av bladet. Betre seint enn aldri. Men eg kan i alle fall røpa at den boka som Varhaug meinte var best, Ludimustyven, vart og vinnaren i Oslo.

Me treng nye i danselaget



Annankvar tysdagskveld samlast medlemmer frå Varhaug Danselag på ungdomsskulen til ei totimers økt med folkedans. Agnes, Irene, Sølvi Elin og Olav står for feiande god musikk på trekkspel og gitar, og me andre svetter oss gjennom ringdanser med vals, reinlender, polka og masurka etter beste evne. Dette er gladtrim og sosial stimulans på sitt beste.

Nokre turar og utflukter i lag vert det og. I fjor hadde me ein kjempefin helgetur til Røver. I år vert det dansefestivaltur til Ransäter i Sverige. I april hadde me ein flott sundastur langs strendene frå Ognå til Kvadsheim med omvisning på sjøredningsmuseet i Varden. Ein gong i året dreg me til Vikeså og danser i lag med Bjerkreimringen. Og dei kjem på gjennvisit til Varhaug.

Varhaug Danselag vart stifta i 1989 og har etter kvart fått lang og tru tradisjon for folkedans. Laget har ca 40 medlemmer. Gjennomsnittsalderen er etter kvart blitt høg og me såg gjerne større interesse for norsk tradisjonsdans blant dei yngre.

Kontakter i danselaget:

Gunleif Kindervåg
(leier) mob 90779897

Gunlaug Haugland
(sekretær)
mob 93853809

Lars Nord-Varhaug
(kasserer)
mob 90582704



Her har Varhaugbuen fått eit godt og viktig innlegg frå skulen:

3. trinnet på Varhaug skule har i vår lært om det å skriva argumenterande tekstar. Eit av emna nokre elevar valde å skriva om tenkte me hadde eit godt budskap, som fint kunne bli delt med resten av Varhaug si befolkning og, nemleg kor viktig det er å bruke hjelm når ein er ute og sykklar. Slik har Sunniva på 8 år skrive:

For og mot hjelm

Eg meiner at det viktig med hjelm.

Det er fleire argument for dette.

Det første argumente er at hjelmen varmer deg.

Det andre argumente er at hjelmen gjer deg trygg.

Det siste argumente er at hjelmen passer på deg.

Nokre meiner at hjelmen øydelegg hårfrisuren din.

Eg meiner likevel at hjelmen hindrar at du skader deg, og derfor er det viktig å bruke hjelm!



Der ingen skulle tru ...

Varhaug bygdekvinnelag hadde i år lagt sommarturen til Hagalid i Ryfylke, og Aud Håland, som hadde vore der før, var vår guide.

38 damer reiste tidleg ein morgon frå Misjonshuset med buss mot Lauvik og ferje over til Oanes. Så var det vidare med bussen til Hjelmelandsvågen, før det var buss skifte. Me måtte over i to minibussar for å ta fatt på siste oppstiging på 500 meter, før me kom fram til Hagalid. Dette er ein gamal heiagard, som ligg 300 m over Jøsenfjorden, og der det har

budd folk frå før svartedauden. Garden var veg- og straumlaus fram til 1960. Mange gamle restaurerte bygningar og kulturminne ligg enno i og rundt gardstunet. I tillegg til gardsdrift, driv nåverande eigar, Jone Hagalid og kona «Galleri Hagalid» i tillegg til gardsdrifta med sau og skog. Dette starta dei med i 2014 etter at eit gammalt hus frå 1835, Sofiehuset, vart flytta nokre meter og restaurert. Her er det nå ei gamal stove og ei ny, med moderne kjøkken og toalett. I tillegg er og eldhuset restaurert, og her vart mykje fin brukskunst utstilt i tillegg til det i Sofiehuset. Det var her mee fekk servert god

suppe og heimabakt brød då me kom fram. Etterpå var det ein rundtur ute, der me fekk sjå kor den gamle løypestrenga ned til sjøen hadde vore og eit gammalt kvernhus. Jone fortel at vegen laga far hans, bestefaren og ein onkel om vintrane mellom 1950 og 1960. Dette må ha vore eit tøft og tungt arbeid vinterstid. For vegen opp er både bratt og svingete. Galleri Hagali har både vår- sommar og haustutstilling med ymse kunstnarar innan brukskunst slik som glas, tekstil, lær, tre, smykke og skulptur.

Det er kafe med sjølvbetjening; vaflar og heimelaga syltety, om du berre tek turen dit av deg sjølv.

Det var fin dagstur Aud hadde laga til, veret var godt, maten var god, omvisinga rundt på garden var god og informarisk, og ikkje minst var det mykje fint ein kunne få kjøpa med seg. Trur det var mange som kom på bussen med ein brun pose med «Galleri Hagalid» på.





Ein del av koret frå Ognå før konserten

Det store korslaget

15. mai var aulaen på Varhaug skule fylt til topps, og grunnen var finalen for skulekora. 7. klassane frå Kleppe, Tu, Ognå og Varhaug skulle nå synga og dansa seg fram til ein vinnar plass.

Eg har vore på fleire av desse arrangementa tidlegare år, men det som desse 4 kora framførte er det beste eg både har sett og høyrte. Gjertine Hognestad frå Hå kulturskule var flott både i antrekk og som konferansier. Ho sa at uansett kven som vart nummer ein, så var alle kora vinnarar. Og dommarane, som hadde eit vanskeleg val, var rektorane frå Time, Klepp og Hå kulturskule. Alle kora var dyktige både

i song og ikkje minst i koreografi, og med mange flinke solistar. Det var og tydeleg at dei kosa seg med songane dei framførte. Etter første runde var det skulane frå Klepp som låg best an, og me fekk framføringa deia ein gong til. Til sist var det Tu skule med songen «We are the world», som gjekk av med sigaren, og fekk premien på kr. 2.000. Andre plassen og kr. 1.000 gjekk til Kleppe skule, og skulane i Hå, Ognå og Varhaug delte tredje plassen og fekk kr. 500 kvar.

Og det var ikkje berre dommarane som fekk høneskinn og tårer i augo under denne konserten.




Då grisungen hamna i gjødselkjellaren

Det har nok hendt mange gonger rundt om på gardane at både grisungar og andre dyr har forvilla seg ned i gjødselkjellaren. Her har Odd Dubland for lenge sidan teikna noko som hende på lensmannsgarden i stasjonen. Grisen står på hovudet i lorten, mens drengen Leif Vigre har fått av seg støvlane og vassa ut for å berga stakkaren, Historia enda godt; både gris og dreng kom seg «på land igjen», og etter litt vasking var begge like spreke.

PS. Eg har og vore redningsmann ein gong. Då eg var 8-10 år, forvilla eit lite kvitt lam seg inn i lorten hos besteforeldra mine på Undheim. Sjølv om eg tykte det var ganske ufyske å vass inn i gjørma, måtte eg berre til pers. Det stakkars lammet, som breke så sårt, måtte jo bergast. Og begge to vart reine etter vask, men lammet vart ikkje like kvitt att. (Liv)

**VI HAR FLYTTET TIL STASJONSVEGEN 24,
FREMDELES PÅ VARHAUG**



NYTT BAD?

VI HJELPER GJERNE MED PLANLEGGING OG PROSJEKTERING



51 79 83 10

VVS EKSPERTEN
DET ER RØRLEGGEREN DET KOMMER AN PÅ



Brunsj med frivilligsentralen 17. mai

Dette var den andre 17. mai'n min som frivillig under brunsjen på Nærbø. Når ein er aleine, og ikkje lenger har barn eller barnebarn i tog og aktivitet, er det gildt å vera til hjelp i eit godt fellesskap. Og når Marta Vorland er sjef, går det meste av seg sjølv. Me var i underkant av 20 som var samla til festpynta bord og god mat. Kunne godt vore fleire, for me hadde sikkert mat til 30. Men pytt, pytt, nå kan dei trega dei som ikkje kom.



Foto: Joachim Voll, Jærbladet

Svidd gummi på Varhaug

Street Legal Varhaug?? Hva er nå dette?

Slik var ei overskrift i sist nummer av Varhaugbuen. Og laurdag 22. april fekk Varhaug folk verkeleg oppleve kva det var. Då var det nemleg bil løp på Buevegen, og dette arrangement vart ein kjempesuksess.

Det var Jæren Dragrace klubb med Ordin Hetland i spissen, som stod bak dette bil løpet.

Ordin fortel at klubben snart er 20 år, og at dei har hatt mindre løp og samlingar på Forus i mange år. Dei må jo køyra på ein lang strekning, og her er Løwenstrase ein godt egna plass. Men at det skulle koma 100 betalane til Varhaug, og sikkert like mange ungar som gjekk gratis, det var heilt utruleg, men veldig gildt, seier Ordin. Varhaugbuen spør om det vert liknande løp neste år? Nei, svarer Ordin, men legg til «då må eg i alle fall ha mange fleire folk med meg på arrangementet» Så her kjem ei utfordring: Er det einkvan som vil vera med og dra dette i gang ein annan gong og, då må de ta kontakt med Ordin.

Joachim Voll, lærling i Jærbladet, var på bil løpet, og her er litt av det han skreiv i avisa på måndag:

«Pulje etter pulje ankom bilene og motorsyklene startområdet. Amerikanske muskelbiler, europeiske sportsbiler og japanske lommeraketter. Her var det

noe for alle. Dekkene på drivhjulene ble varmet opp, før bilene raste nedover den 200 lange strekningen av Buevegen, til publikums store begeistring. Hagl og regn hadde blitt byttet ut med solskinn denne lørdagen, og dugnadssjeler fra Varhaug ungdomskule sørget for jevn tilførsel av pølser og brus for de oppmøtte. Stemningen var på topp, både blant publikum, arrangør og sjåfører»

«Sliten, men fornøyd. Dagen derpå tar Jærbladet kontakt med Ordin Hetland, ildsjelen som presset på at stevnet skulle bli en realitet. Det var en sliten, men glad Hetland på telefonen søndag kveld. Jeg er kjempefornøyd. Dette viser hvor stort miljøet er. Vi håpet på 500 tilskuere, men det kom dobbelt så mange. Vi satset på 40 deltakere, men på stevnet dukket det opp 70 sjåfører. Det var over all forventning, sier Hetland. Han nekter ikke for at det kan bli Street Legal på Varhaug flere ganger i fremtiden. Akkurat nå er jeg trøtt og lei. Men spør meg igjen om en uke, sier Hetland lurt».

Det var flere veker etter løpet at Varhaugbuen snakka med Ordin, og det han då svara om eit eventuelt nytt løp ein annan gong, finn de i begynnelsen av stykket.



YGT - Elgane

YGT står for «Youth Gold Trophy» og er VM for 85 cc speedway. Dette blir arrangert på Elgane Motorstadion 8 og 9 juli.

Det er 32 kjørere til start, det kjøres 2 semifinaler lørdagen og fra disse går det 8 fra kvar semi som skal kjøre finale søndagen. Kjørere kjem m.a. frå Australia, Polen, Finland, USA, alle de nordiske land – ein frå Varhaug og ein frå Podlest.

Det synes eg var såpass «svært» at eg tok turen opp for å snakka med de lokale kjørarane, Espen Sola (14) og Mathias Pollestad (12). Begge har kjørt speedway «alltid» - Espen begynte då han var 5, og Mathias då han var 6. Siden begge fedrene har ei fortid som speedwaykjørere kan ein vel seie at dei begge har vorte oppflaska med speedway.

Speedway er som anna motorsport

ein krevjande sport, ikkje berre kondisjonsmessig men og svært tidkrevjande og kostbar. Begge kjørere deltar på mange løp i sesongen og kjører og for utanlandske klubbar, Espen for Region Sjælland i Danmark og Masarane i Sverige, Mathias kjører for Skærbek i Danmark.

Trening uten sykkel? Er det nødvendig då? Det er viktig å trene kondisjon og styrke i tillegg

MOTOCROSS – 1. runde NM

Det blir ei fartsfylt helg på Elgane første helga i juni. Me er igjen så heldige å få tildelt første runde i NM. Frå egen klubb stiller m.a. Mathea Selebø og Magne Klingsheim. Det blir veldig spennande å sjå om unge Mathea klarer å bryna seg på dei andre i dameklassen. Kjenner me henne rett, stiller ho nok til start i andre klasser og. Meir om dette stevnet og resultat kjem i neste nummer av Varhaugbuen

– Espen trener styrke på Iden 2-3 ggr i veka, utanom å trene speedway. Mathias sykler så ofte han har tid.

For Espen er dette siste sesong på «liten» sykkel, neste sesong er det meir alvor då han skal opp til 500 cc. Som ein forsmak på alvoret har NMF i samarbeid med Toppidrettssenteret laga eit nytt prosjekt for juniorer. Der

har Espen blitt plukka ut til å være med på samlinger i regi av Toppidrett Team Motorsport. Her skal dei lære å gjera alt rett for å bli best med fokus på kondisjon, kosthold, trening m.m. Eg ser jo for meg at dette kan blir ekstra spennande i og med at foreldrene IKKJE skal være med her, i motorsport er jo alltid foreldrene med på alt. Her må utøver reise aleine.

Me håper at alle motorsportinteresserte tek turen til Elgane denne helga for å sjå på rekruttane. Kanskje vil nokon av desse være på banen når Keegan viser speedway på storskjem i framtida?

Elin



HAALAND BILVERKSTED

Vi er bilverkstedet for alle vanlig forekommende bilmerker. Vi har kompetansen til å gjøre det beste for akkurat din bil - og din lommebok.

Hvis bilen din har garanti, vil den fortsatt gjelde etter et besøk hos oss. Det er fordi vi alltid utfører service og reparasjoner i henhold til produsentenes instruksjoner - og at vi bare bruker reservedeler i henhold til foreskrevet kvalitet. Enten du er ute etter reparasjon eller service, kan du føle deg trygg ved å levere bilen til oss.

MECA-STEMPEL I SERVICEBOKEN FORTELLER AT DU TAR GODT VARE PÅ BILEN DIN.

M ECA
CAR SERVICE

OPSTADVEGEN 647, 4360 VARHAUG
TLF. 90 50 65 66

M ECA
CAR SERVICE

GATEKUNST i STASJONEN



SOMMERSTEVNET 2017
23.-25. JUNI FOR GRASAT FJÅGE FOLK ORRE STADION

GRILLTEVLING
SWINGTEVLING
EKSTERIØRBEDØMMING AV HEST
QUIZ
STILONGSPARTY
KONSERT MED LAUSDRIFT!

TA MED VOGNA TIL ORRE STADION FOR EI
FANTASTISK TRIVELIG HELG 23.-25. JUNI

PRISER:
HELG - 400 KRONER
FREDAG - 100 KRONER
KONSERT - 200 KRONER
LØRDAG - 300 KRONER

JA TIL LEVENDE BYGDER!

www.rbu.no

17. mai på Nærbø



Stor aktivitet i karaten



20 Mai hadde vi klubbmesterskap i klassene kata, Kumite og Judo-karate. Utøvere i alle klasser som bidra til en flott dag og imponerende innsats.

Nytt nybegynnerkurs starter i august på både Varhaug og Nærbø. I oktober reiser noen utøvere fra klubben til England i VM, noe vi gleder oss til. Videre følger en spennende høst med mye aktiviteter.

Tone Lerbrekk

Gild familiedag i Varden

Søndag 21. mai var det igjen klart for den årlige familiedagen i Varden. Dette er eit samarbeid mellom Jærmuseet, Jæren kystlag, Dykkarklubben og Hå historielag. Her var det som vanleg mange gilde aktivitetar. Det var høve til å prøva seg både i redningsstolen og reperbanen. Det var mange godlåtar å høyra frå dei ymse motorane som kystlaget hadde med seg, og det var og høve til å laga ein liten tre båt. Over 400 personar kosa seg rundt på området med dei ymse aktivitetane i brukbart ver. Historielaget hadde ansvaret for maten, og ei stund var det «ventekø». Ein klarte rett og slett ikkje å steika lappane fort nok. Til neste år bør det kanskje vera to takke å steika på?



Kunst på Varhaug

Som de kanskje husker frå sist, var Arnstein Skretting i gang med eit prosjekt i undergangen på Varhaug. Ein del av desse kunstverka er nå på plass, og dei er

verkeleg flotte. Eg har her knipsa ein del av desse, fleire skal det koma, så berre gå og sjå sjølv.



Lerbrekk skule

Referat fra årsmøte og 20 års jubileum i Vennelaget for Lerbrekk skule torsdag 23. mars 2017

Leiar Sigbjørn Varhaug ynskte alle velkomne. Det hadde møtt fram 47 personar som vart varmt tekne imot i ei fin, påskepynta stove. Utsikta på Lerbrekk denne kvelden, var magisk. Sola som gjekk ned farga himmelen heilt purpur, så det var eit mektig syn me kunne nyta i synsrande. Til innleiing song me «Alle fugler små de er» og «Vesle lerka» til tonefylgje av kapellmeister Brit Obrestad på orgel.

Før årsmøtesakene hadde me minneord om 5 medlemmer som er gått bort og me mintest dei med eit minutts stillhet. Me song så «Til den stad eg er på vandring», ein song omskriven av Tobias Skretting.

Ingen hadde merknad til innkalling og sakliste. Sigbjørn las så opp ei fyldig og gild årsmelding, som vart samrøystes godkjent. Me er nå 156 medlemmer i vennelaget, så det er me glade for. Huset vert flittig brukt, og det har vore 2260 personer som har skreve seg i gjesteboka. 12 gonger har me hatt sundagskafé. I september hadde Rogaland Husflidhåndverkerlaug salsutstilling. Kunst og Kult hadde salsutstilling i oktober. Me har sjølv hatt graudafest, juletreffest og grillkveld. Huset har vore i bruk 84 gonger, og blir leigd ut til barnedåp, konfirmasjon, selskap, minnesamvær, konsert, årsmøte, sumarmøte osv., for private, organisasjonar og firma. Vaskegjengen, med forsterking av damer, har hatt storvask på vindaugsglasa og elles, og dei har vore samla til lefsebaking i november.

Brit Obrestad gjekk gjennom resultatrekneskap og balanse. Totale inntekter var kr 95.431 og utgifter kr 82.435. Rekneskapet blei samrøystes godkjent med kr 14.435 i overskot.

Valet blei leia av Svanhild Marie

Varhaug. Dei som var på val i styret tok alle attval, og styret er likt som i fjor. Sigbjørn Varhaug, Brit Obrestad og Oddvar Ånestad blei attvald. Inger Haugstad og Dag Varhaug var ikkje på val. Varamedlemer Ingunn Reiestad og Oddvar Varhaug blei attvald, og likeeins revisorar Ingvar Reiestad og Øystein Bratland. I valnemnd gjekk Svanhild Marie Varhaug ut. Ny vart Olav R. Husveg for 3 år. Per Egil Dubland og Eirik J. Varhaug var ikkje på val. Kontingenten er lik som førre år kr 50, og alle fekk høve å betala..

Så var det tid for matøkt, med god gryterett og salat, med brød til. Til kaffien var det lefser og stor flott fløyte/marsipankake.

Etter matpause, song me «Den første løvetann» av Alf Prøysen, før Sigbjørn innleia jubileumsdelen med litt historie, frå 1996 då restaureringa starta. Han las frå ein artikkel frå Stavanger Aftenblad frå juli 2000 av Reidun G. Undheim. Der var det peika på at det var brukt minst 5000 dugnadstimar, og dei bad til dugnadsfest med heile 80 personar inviterte. Sverre Varhaug var den store pådrivaren i arbeidet med å ta vare på skulen.

Før Kjellaug Ånestad Varhaug, fekk ordet, song me «Dei gamle fjell i syningom» av Ivar Aasen. Kjellaug skulle dela med oss det som hende politisk med Lerbrekk skule og hendingane før vedtaket om bevaring. Tidleg i 1995 var det fare for riving av skulen og bygningane var sterkt til nedfalls. Noko måtte gjerast, og den 22. februar 1995 var det samla til allmannamøte. Ordførar Tobias Skretting var skeptisk til tanken om bevaring av skulen. Folk lova å bidra med dugnadsarbeid,

og den 29.06.1995 var det klart for handsaming i formannskapet. Rådmannen innstilte på riving, og noko måtte gjerast. Det blei innkalla nytt allmannamøte, og folkskreiv seg på forpliktande lister om dugnadsarbeid. Kjellaug kom med forslag om utsetjing av saka i formannskapet, og dette blei samrøystes vedteke.

Eldar Odland fekk så ordet for å fortelja litt om forhandlingar generelt, og så om forhandlingane med Jostein Djøseland som måtte avstå jord både der skulen stod, og til ny innkøyringsveg, uteareal og krokketbane. Ordførar, som då var Eldar Odland, og varaordførar var forhandlingsutval. Dei kom oftast i god dialog med dei som dei skulle forhandla med, og det gjekk like eins med Jostein Djøseland. Dei kom snart til einighet, og 27. januar 1996 blei avtalen vedteken i formannskapet. Fylkeslandbruksstyret måtte og godkjenna avtalen om å ta jordbruksjord til uteareal og ny innkøyringsveg, men dette gjekk og greitt. Eldar sa vidare at me kan vera umåteleg stolte over at skulen står som den gjer i dag, og at ein har teke vare på ein av dei gamle skulane, som har lærarbustad i same huset. Ikkje minst at skulen står som «eit levande» hus, som nyttast og får fram minner og varme kjensler hjå dei som kjem på besøk her.

Så var det tid for heider og utdeling av 15 glasfat til dei som hadde fortent dette. Brit Obrestad og Inger Haugstad stod for tildeliga, og det blei ei høgtidsstund. Først ville me heidra **Jostein og Inger Lovise Djøseland**, som me skuldar stor takk for at me i det heile sit her i skulen i dag. Hadde ikkje dei vore villige til å selja jorda si, måtte berre prosjektet vorte skrinlagt.

Så var det **Sverre Varhaug**, her representert ved kona **Olaug**, som vart takka. Han var organisator for alt dugnadsarbeid som føregjekk på skulen, og lenge var det arbeid 5 dagar i veka. Han fekk vera engasjert i drifta ved skulen i 12 år. Olaug hadde og ein sentral rolle, med matlaging, vasking og lefsebaking.

Torstein Varhaug var fagleg ansvarleg for tømmermannsarbeidet under restaureringa. Han var veldig aktivt med under restaureringa av uthuset. Han og Jorunn var ikkje til stades. **Olav L. Varhaug** var med på første møte, og er framleis aktivt med i vaskegjengen. Han meinte sterkt at skulen skal bevarast, og han deltok i alt dugnadsarbeid, løing av steingard og seinare plenklypping i mange år. **Sigrid** har alltid stilt villig opp med mat, og sviskegrauten liker alle særst godt.

Johannes Husveg var nyleg pensjonist i 1996, og fekk fortsetja å vera aktiv med dugnadsarbeid på Lerbrekk frå starten. I alle år har **Kristi** og Johannes vore «sjefar» på lefsebakinga, og han er endå med i vaskegjengen. **Olav Varhaug** var med på arbeidet frå dag ein, og han hadde erfaring med tømmerarbeid. Han er fast trekkspelar, og **Margrethe** var i 12 år medlem av styret i Vennelaget, samt villig på matlaging i mange samanheng.

Odd Varhaug var deltakar i restaureringa frå starten, og har i alle år hatt ansvar for alt malararbeid på skulen, både ute og inne. Han var og den som hadde ansvar for kopiering i starten, samt alle bileta som heng i lærarbustaden er hans verk. **Harald Bratland** var ikkje pensjonist då restaureringa starta, men han fekk frå første dag ansvar

for alt røyrleggjararbeidet og kloakk i forbindelse med toalett og kjøkken. Han er framleis ein del av vaskegjengen. Kona **Berit** har vore med på storreingjering og lefsebakeing og matlaging i alle år.

Eirik J. Varhaug var sterkt engasjert i arbeidet rundt bevaring av skulen. Han leia det første allmannamøte, og heldt styr på papir og rekneskap under heile restaureringa. Han var kasserer i styret i 12 år. I desse dagar har han samla historia om Lerbrekk skule. Dette har vorte trykt opp og vil verta utlevert i dag. Styret seier mange takk til Eirik for dette.

Aud Bratland Bø var engasjert og ivra for den gamle skulen. Ho var med i den første komiteen som vart sett ned. Aud og **Magne** var ansvarleg for møbler og tillaginga av stova i lærarbustaden. Dei fleste møbla kjem frå Bratland, og det første bestikket kom via Magne frå Grødaland. Aud var sekretær i Vennelaget i 12 år, og har skrive fyldige og flotte referat i alle år.

Ingvar Reiestad var ung pensjonist frå politiet i 1996, så han var med heilt frå starten. Han har vore fast revisor i alle år, og er nå fast medlem i vaskegjengen. **Øystein Bratland** har hatt ansvar for alt det elektriske opplegget ved skulen i alle år. Når ordnar han små og store utfordringar på kveldstid eller ettermiddag. Han har vore fast revisor i alle år. **Oddvar Aanestad** har vore i styret sidan 2009, og har nå dei siste åra hatt fast ansvar for uteområde og all plenklypping. **Eivind Varhaug** er siste nye medlem av vaskegjengen som stiller opp med vasking både seint og tidleg, laurdag som sundag. Av og til kan dei vera i aktivitet 3 - 4 dagar i veka. Vaskegjengen har verkeleg «ulagleg» arbeidstid.

Nå er det tid for «sjefen og generalen» på Lerbrekk skule, **Sigbjørn Varhaug** med kona **Astrid**.

Dei har eit særst sterkt engasjement for Lerbrekk. Sigbjørn er nummer ein når det angår Lerbrekk. Kva hadde Lerbrekk vore utan Sigbjørn, og kva hadde Sigbjørn vore utan Astrid? Positive, blide og imøtekomande er berre tre ord av ei lang rad med superlativ som kan nyttast på dei. Sigbjørn trekkje i alle trådar med kva som skal vera på Lerbrekk til ei kvar tid. Enten det er selskap, møte, vasking eller andre arrangement, så er det Sigbjørn som har oversikta. Astrid stiller opp når det trengs, enten det er storreingjering, matlaging eller lefsebaking. Ho er og sekretær (ordnar alt på data) for Sigbjørn. Ein STOR, VARM TAKK til begge for alt dei gjer for Lerbrekk. **Då har alle dei fått sin heider.**

I ettertid har også **Gabriel L. Bø** fått sin heider. Han var med i restaureringa, og då særleg med å mura opp att pipene i begge skulestovene og i lærarbustaden. Han restaurerte og den gamle komfyren i eldhuset slik at den kunne brukast.

Før me kunne avslutta, blei det utdeling av blomar til Svanhild Varhaug som gjekk ut av valnemnda, og Kjellaug Aanestad Varhaug og Eldar Odland for innlegga dei delte med oss. Etter ei utlodning, kunne Sigbjørn ønska alle vel heim, og takka alle for frammøte. Me song både «Fager kveldsol smiler» og «Kveld på Jæren» til avslutning. Ei fin markering av 20 års jubileum for Vennelaget var vellukka over.

Inger Haugstad



Varhaugmarken

FORELØPIG TIDSPLAN

(her kan det bli mindre endringer)

FREDAG 2. juni

17.00 Åpning av Marken
17.15 Ungaløp
18.30 Varhaugpuls
19.00 Sanginnslag v/ Misjonshuset
20.00 Slutt for i dag

LØRDAG 3. juni

08.30 Frokost v/ Bygdekvinnelaget
09.00 Marken åpner
09.00 Jærbelgen
09.30 Seniordansen
10.00 Skolekorpset
10.30 Presentasjon av « Nypynta Tre»
11.15 Mannekengoppvisning
12.30 Varhaugmila
13.45 Trekking av premier til Varhaugmila
14.15 Trekking av premier frå Byggtorget
14.30 Takk for i år.

Gladsang på Iden

For tredje gong inviterte VIL, Varhaug trekkspelklubb og Frimenn folk velkomne til musikk og sangkveld i hallen. Det var god stemning, her kunne ein drøyma seg vekk i kjende melodiar og songtekstar med Frimenn, og til og med synga med sjølv. Ein god kaffipause med mykje godt heimebakst var det og tid til. 400 vel vaksne kvinner og menn kosa seg i hallen denne torsdagskvelden i mai.

**DU KAN FÅ NYTT HUS
- UTEN Å FLYTTE!**

**Ta kontakt for uforpliktende pristilbud på
979 46 255 eller jarle.reime@norgeshus.no**

Stoff-frist

Stoff frist for neste blad er
20. august

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller leggja det i postkassa til Liv.

**Sender du Word dokument
må bildene vedlegges som
egne filer i JPG format.**

Jærmessa 2017

Denne vert som vanleg siste helga i august, men i år berre to dagar, laurdag 26. og søndag 27 august.

Det skjer på Lerbrekk

Sundagskafeen held fram. Sidan pinse kjem første helga i juni blir det ikkje kafé pinsedag, den er flytt til 28. mai. Men 2. juli og 3. september er det kafé att kl. 14-17.

HÅ REGNSKAP AS
Autorisert regnskapsførerselskap

JG MASKIN
Jan Gunnar Undheim • Varhaugvegen 89, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 • Fax: 51 43 08 27 • jgunna@online.no

• SERVICE • DELER
• REPRASJONER



- interiørkonsulent
- golvlegger
- systue
- gave og interiør
- solskjerming
- maling
- tapet
- parkett

Vi har **utvalget** som passer deg!



FARGERIKE HALVORSEN

Skulegata 13, VARHAUG • Telefon 51 43 61 00
E-post: post@fargerikehalvorsen.no
Mandag-fredag 7.00-18.00 • Lørdag 9.00-14.00.

FARGERIKE

MARKENSTILBUD I FK BUTIKKEN

ROBOT GRESSKLIPPER

ROBOMOW® RX 12
MED GSM-MODUL!

En liten, smart og kraftig robotklipper.
Leveres komplett med kantledning
og plugger.

**Uten
tidsstyring.
Start selv!**



4995,-
(5995,-)

**STORT UTVALG AV
ROBOTGRESSKLIPPERE!**

**Vi har med mange varianter og mye
tilleggsutstyr. Velkommen til standen vår!**



**PRIS FERDIG
REGISTRERT**

**MULTIHENGER
TREDAL T-10-UCH**

**PRISER
FRA**

24 990,-
(28500,-)

Forbehold om trykkfeil og utsolgt.

FK BUTIKKEN VARHAUG

Tlf. 51 77 14 70

Mandag – fredag: 8–17
lørdag: 9–14



butikkken

fkra.no/fkbutikkken